



Flo 1 AS  
Søndre Ravnedalen 21  
5170 BJØRNDALSTRÆ

Referanser:  
Dykkar: Endre Floen  
Vår: 20/5857 - 20/68409

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
28.10.2020

## Igangsettingsløyve for rehabilitering og utviding av veg - gbnr 345/10 Vikebø

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1150/20  
**Tiltakshavar:** Gerda Aasebø  
**Ansvarleg søkjar:** Flo 1 AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav k, l) jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket - rehabilitering og utviding av veg med tilhøyrande støttemurar på gbnr 345/10 til eksisterande fritidsbustader på gbnr 345/74, 345/84 og 345/36,39 på Vikebø på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 05.08.20 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjing for rehabilitering og utviding av veg på gbnr 345/10 til eksisterande fritidsbustader på gbnr 345/74, 345/84 og 345/36,39 på Vikebø.

Arbeidet med vegvedlikehald har påbegynt, men vart stoppa opp pga. manglande godkjenning. Nedre del av veg skal fundamentast på grunn og delvis på søyle pga. sterkt sideskrått terreng. Midtre del av veg leggjast på grunn utan nye skjeringar

eller fyllingar. I øvre del av veg før hytte nr. 52 skal det etablerast støttemur i ytre kant av vegen i det mest skråande terrenng.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan i føresegn 1.2.1 til kommunedelplanen sin arealdel og søknad om dispensasjon for etablering av tiltak i sikringssone for verneområde H190 \_1 Rylands vassdraget, jf. pbl § 19-2 andre ledd. Dispensasjon er gjeve 05.08.20. Rammeløyve er gjeve 05.08.20. Det vert elles vist til søknad om igangsettingsløyve, motteken 28.10.20.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Sakshandsamingsfristen er 3 veker.

### VURDERING

#### Planstatus:

Det omsøkte arealet er satt av til område B\_12 -framtidig bygg og anlegg, under dette kombinert busetnad- og anleggsformål, i arealdelen til kommunedelplanen (KDP) som vart vedteken 17.6.2015. Tiltaket som omsøkt er difor i samsvar med arealformålet i KDP.

I tillegg ligg tiltaket i omsynssone for verneplan for H190\_1 Rylandsvassdraget, det er søkt om dispensasjon for etablering av tiltak i sikringssone for verneområde H190 \_1 Rylandsvassdraget den 03.08.20.



### VURDERING

#### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

#### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5857

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om igangsetningsløyve - gbnr 345/10 Vikebø

**Kopi til:**

Gerda Aasebø

Traudalsgrend 5145  
24

FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**

Flo 1 AS

Søndre 5170  
Ravnedalen 21

BJØRNDALSTRÆ